



SAKSGANG			
Utval		Møtedato	Saksnr. i utval
Hovudutval for Oppvekst og Levekår		20.04.2015	015/15
Kommunestyret		28.04.2015	020/15
Saksbeh:	Saka blir avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Else Oppedal	Kommunestyret	N-600	14/53

Endringar i alkoholregelverket 2014.

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
10	X	05.03.2015	Bjørnar Kvam Herad v/Dagstad	Høyring – endringar i alkohollova (573442) korr
9	I	29.03.2015	Helse- og omsorgsdepartementet	Høyring om endringar i alkohollova – lengda på kommunale sals- og skjenkebevillingar mv.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Høyringsnotat frå Helse- og omsorgsdepartementet, 11.2.2015.

Forskrift om endring i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv, 8.12.2014, nr. 1547

Alkohollova

Saksopplysningar:

Helse- og omsorgsdepartementet føreslår endringar i alkohollova om a) lengda på kommunale sals- og skjenkeløyve, og b) om kven som skal få kjøpa alkoholhaldig drikk engros.

A) Endring i varigheita på løyveperioden

Departementet føreslår at kommunale sals- og skjenkeløyve ikkje går ut etter fire år, men kan vidareførast utan krav om nytt løyve (fornyng). Det vert lagt fram forslag til to alternative løysingar, og departementet bed om innspel på kva løysing som er mest føremålstenleg.

Alternativ 1:

Regelen om fire års løyveperiode vert hovudregel, men det vert gjeve ei unntaks avgjersle i §1–6 (løyveperioden). Kommunen kan bestemma at gjeldande løyve ikkje skal gå ut etter fire år, men gjelda vidare i fire nye år utan søknad om fornying. Det er ein føresetnad at unntaket vert gjort etter ei vurdering av kommunen sin alkoholpolitikk og folkehelsepolitikk. Alternativet inneber også at kommunen kan bestemma at nokre løyve ikkje vert omfatta av unntaket, og såleis må søkja om fornying. Ei slik avgjersle må byggja på objektive kriterium som ikkje inneber usakleg forskjellsbehandling eller byggjer på utanforliggjande omsyn, jf. alkohollova §1–7a (kommunen si skjønnsutøving). Døme som kan vera gjeldande: tidlegare brot på løyvet, om verksemda ligg i særskilde område (t.d. nær bustadområde eller i sentrumsnære strom), har særskilde konsept (t.d. ute-servering), aldersgrense o.a. Det er også mogeleg å bestemma at berre skjenkeløyve må fornyast, og ikkje salsløyve, eller omvendt. Det er ein føresetnad at utveljinga vert gjort etter kriterium som er relevante i høve alkoholpolitikken, og etter dei alkoholpolitiske vurderingane som det nye kommunestyret har gjort.

Alternativet inneber også at kommunen kan bestemma at løyve ikkje må fornyast, men at nye/endra vilkår vert sett for alle eller nokre av løyva. Departementet har vurdert at moglegheita for å endra vilkåra utan krav om ny søknad, er like vid ved unntak frå fornying som ved handsaming av ny søknad. Kva for omsyn det kan leggjast vekt på ved fastsetting av nye vilkår, vil vera noko snevrare enn ved handsaming av ny søknad.

Alternativ 2:

Kommunale sals- og skjenkeløyve vert gjeldande «inntil vidare», altså ikkje vera tidsavgrensa. I høve til alternativ 1 er hovudregel og unntak snudd. Elles vert vurderingane kommunen må gjera i høve til alkohol- og folkehelsepolitikk, moglegheitene for å krevja at einskilde løyve må søkja om fornying, og at det må kunna setjast nye vilkår for alle eller nokre av løyva, gjeldande også for dette alternativet.

Det vert lagt inn ein presisering i §1–6 at kommunen kan bestemma at løyve skal gjeld for ein avgrensa periode, for ein bestemt del av året eller for eit einskild høve.

B) Kjøp frå grossist ved løyve til eit einskild høve

Alkohollova seier i dag at det ikkje er lov å selja alkoholhaldig drikk direkte frå engros til dei som berre har løyve til sal eller skjenking for eit einskild høve eller eit ambulerande løyve.

Departementet føreslår endring i alkohollova §1–4c, at engrossal ikkje kan skje til den som berre har eit ambulerande løyve. Dei tek med andre ord ut *einskildløyve* frå avgjersla.

Det vert presisert at endringa berre vil gjelda for dei einskildløyva der alkohol vert kjøpt inn for vidare omsetnad i næringsaugemed, og ikkje til eige forbruk. Dette vil innebera at løyvepliktige arrangement etter §8–9, t.d. bryllaup, venefestar og firmafestar framleis må kjøpa inn alkoholhaldig drikk frå butikk eller Vinmonopol, då dette vert rekna som sal til forbrukar, og ikkje til løyvehavar som skal omsetja varene i næringsaugemed.

Vurdering:

Løyveperioden:

Data frå kommunane syner for det meste at søknadar om løyve etter alkohollova vert innvilga. Det føreligg ikkje data om kor mange søknader om fornying som vert innvilga eller ikkje vert innvilga, men statistikken over antal løyve indikerer at dei fleste som søker om fornying, får innvilga dette.

Dette er også gjeldande for Jondal. I dei to siste løyveperiodane har ingen fått avslag på søknad om fornying når sakene vart politisk handsama. Det er gjort endringar i høve det som er søkt om, t.d. skjenketider, opningstid og liknande. Søknadar som har vore mangelfulle eller ikkje har stetta krava i handlingsplan eller alkohollova, blei stoppa i den administrative sakshandsaminga før dei kom opp til politisk handsaming.

Departementet meiner forslaga som er lagt fram, vil føra til ei forenkling av løyvesystemet, mindre byråkrati og bruk av ressursar. Dei legg vekt på at kommunen sin rett og ansvar for å føra den alkoholpolitikken dei ynskjer og ser behov for i sin kommune, vert ivareteken i forslaga.

Alkoholhaldig drikk vert ikkje sett på som ei alminneleg vare. Det er ei vare som kan ha helsemessige og sosiale skadeverknader for kommunen sine innbyggjarar. Dette gjeld for dei som drikk sjølv, men også for pårørande og andre tredjepartar samt for samfunnet generelt via dei kostnadane alkoholskadane påfører t.d. arbeidsplassar og offentlege tenester. Det må difor vera mogeleg for kommunane å endra rammevilkåra for omsetting av alkoholhaldig drikk.

Alkohollova sitt system er slik at dei folkevalde skal ha høve til å bestemma alkoholpolitikken i kommunen, mellom anna ved å bruka løyvesystemet. Dette er også eit viktig verkemiddel for å fremja folkehelsa i kommunen. Departementet legg difor ikkje opp til eit løyvesystem som ikkje samstundes set krav til at kommunen vurderer løyva opp mot sin vedtekne alkoholpolitikk og folkehelsepolitikk.

Dagens løyvesystem i Jondal

I dagens ordning, der alle må søkja om nye sals- og skjenkeløyve kvart 4. år, vert kommunen «tvungen» til å gjera opp ein status av korleis løyveordninga har fungert som eit alkoholpolitisk og folkehelsepolitisk verkemiddel. I forkant av søknadsprosessen skal kommunen ha ein gjennomgang av rusmiddelpolitisk plan, og setja opp dei krav og vilkår som skal vera gjeldande for neste løyveperiode. I ein ny søknadsrunde vil dei folkevalde ha høve til å sjå kvar enkelt søknad opp mot den vedtekne alkoholpolitikken. Vidare er søknadsprosessen ein mogelegheit for å sjekka opp dei lovmessige tilhøva rundt søkjaren, særleg knytt til vandelsvurderinga og gjennomførte kunnskapsprøver.

Ei problemstilling ved dei nye forslaga, er om dei kan føra til ei uønskt liberalisering av alkoholpolitikken. Sjølv om ein føreset at kommunen gjer sine val basert på ein gjennomgang av rådande alkoholpolitikk, kan ein sjå for seg at ein for å spara ressursar, både økonomisk og tidsmessig, lar alle søknadar gå vidare i fire nye år utan å gjera ei total revurdering av alkoholpolitikken. Vidare kan eit slikt løyvesystem i mykje større grad enn i dag, vera utsett for påverknad (lobbyverksemd) for å få dei folkevalde til å bestemma at løyva skal gå vidare utan ny søknad. I dag er det ikkje noko val – alle må søkja på nytt.

Eit anna perspektiv kan vera at særleg forslag 1 kan føra til eit meir bevisst og aktivt forhold til rusmiddelpolitisk handlingsplan. Ved at dei folkevalde skal fatta ei slutning om kven som må søkja fornying eller ikkje, etter ein gjennomgang av alkoholpolitikken, må arbeidet med revidering av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen (og der gjennom alkoholpolitikken) måtte verta høgt prioritert kort tid etter valet, og innebera ei høg grad av folkevald involvering i revideringa.

Departementet legg vekt på at forslaga skal vera meir pårekneleg for næringa meir. Ein kan faktisk stilla spørsmål om ordninga vil leia til det motsette. No veit alle at i løpet av våren etter eit kommunestyreval, må ein søkja om nytt løyve. No vert det i staden lagt opp til at dei folkevalde skal bestemma om alle eller nokre må søkja om nytt løyve, etter gjennomgangen av alkoholpolitikken. Særleg slutninga om at nokon må søkja, medan andre slepp, kan kanskje føra til klagesaker. Dette er ei problemstilling som ikkje er drøfta i forslaget frå departementet.

Folkehelse og rusførebygging.

Ut frå eit folkehelse- og rusførebyggjande perspektiv har ikkje dei to alternativa nokon helsegunstig effekt. Kor vidt forslaga vil ha ein negativ helseeffekt, vil truleg koma an på kva rutinar kommunane har eller innfører i høve å revidera alkoholpolitikken, og kva for ein prioritet dette arbeidet får hjå dei folkevalde og administrasjonen. Departementet legg i sitt forslag vekt på at kommunen skal fatta ei av gjersle basert på gjennomgang av vedteken folkehelsepolitikk og alkoholpolitikk. Såleis skal helseperspektivet og løyvesystemet, som eit regulerande tiltak i det rusførebyggjande arbeidet, verta ivareteken.

Spørsmålet vil vera om dei alternativa som departementet legg frem, kan sjåast som ei oppmjuking av løyveordninga og såleis alkoholpolitikken. Generelt vil ei oppmjuking av alkohollova, sett frå eit folkehelse og rusførebyggjande perspektiv, ikkje vera helsegunstig. Dagens ordning med at alle må søkja om nytt løyve, i lag med krava om ein aktiv rusmiddelpolitisk plan, vil setja alkoholpolitikken på dagsorden, og gje dei folkevalde eit høve til å gjera seg opp ei meining om kvart einskild løyve sett opp mot sin vedtekne politikk.

Administrative konsekvensar.

For administrasjonen vil begge alternativa til ny løyveordning føra til ei mindre krevjande sakshandsaming kvart 4. år, avhengig av kor mange eller om nokon i det heile må søkja på nytt. For Jondal sin del utgjør ikkje fornying av sals- og skjenkesøknadar dei store ressurskrevjande oppgåvene. I 2012 var det 5 søknadar om skjenkeløyve, og 3 salsløyve. For næringa vil sjølvsagt det å sleppa å søkja om nytt løyve kvart 4. år vera av betydning.

Forslaga vil utløysa behov for nokre nye rutinar, særleg i høve vandelsvurdering. Det er eit kontinuerleg ansvar for kommunen å føra tilsyn med næringa, også i høve vandel. Dette er ikkje sett i system i dag, og vandelsvurderingane skjer først og fremst ved større endringar eller nye søknader og fornying. Ved ei endring i løyvesystemet vil kommunen måtta setja i verk eit formalisert samarbeid med politi og skattevesen for kontinuerleg vandelsvurdering.

Forslaget inneber at løyva berre vert vidareført slik dei føreligg, i ein ny 4-årsperiode. Det vil framleis vera slik at sals- eller skjenkeverksemdar som ynskjer å endra på eigartilhøve eller konsept (skjenketider, alkoholgruppe, restaurant til pub osv), må søkja om nytt løyve.

Frist for evt søknad.

Departementet ber om innspel til kva frist som bør setjast for evt. fornying av søknadar. Ei endring slik det er føreslått, vil truleg få ein konsekvens for evt. søknadsfrist. I dag skal alle søknadar vera ferdig handsama før utgangen av juni året etter eit kommunestyreval. I dei nye forslaga må kommunen først ta ei avgjersle om kven som slepp å søkja om fornying, basert på sin vedtekne alkoholpolitikk og folkehelsepolitikk. Det er lite realistisk at kommunestyret vil kunna handsama ei avgjersle om unntak frå fornying av løyve før møtebolk 1, evt. ikkje før møtebolk 2. Kor lang tid ein då vil trengja på søknadsprosess og sakshandsaming kjem an på kor mange, om nokon, som må søkja om nytt løyve.

I forslaget frå departementet legg dei opp til ein frist for vedtak anten 30. juni, 31. desember eller ein dato mellom desse to ytterpunkta. For Jondal sin del vil ein frist til utgangen av november verta sett på som mest realistisk for begge alternativa.

Konsekvens for kommande løyveperiode.

I departementet sitt høyringsnotat legg dei opp til at dei føreslegne endringane i alkohollova vert handsama i Stortinget hausten 2015. Ei lovendring vil då tre i kraft frå 1. januar 2016, og såleis få betyding for komande løyveperiode. Kommunen får då mogelegheit til å vurdere om det er behov for å gjennomføra fornyingsprosess før 30. juni 2016. Det vert lagt opp til at kommunen kan endra varigheita som er fastsett i løyvevedtaka i form av ei forskrift slik at dei vert gjeldande i fire nye år.

Konsekvens for gebyr.

Det vert drøfta om ei endring i løyvesystemet må få ein konsekvens for løyvegebyra. Departementet føreslår at gebyra held fram som i dag, fordi dei skal dekkja både sakshandsaming av evt. nye søknader, fornying av søknader, og oppfølging av løyva (mellom anna kontroll). For Jondal sin del, som kjøper kontrollør tenesta av Kvam, vil dei nye reglane om to kontrollørar på skjenkekontrollari (gjeldande frå 1. januar 2016) ha ein økonomisk konsekvens. I dag er det, som regel, berre ein kontrollør på jobb. Difor må gebyra framleis vera slik dei er i dag, både for å dekkja utgifter til kontrollordninga, men også fordi det vil vera administrative kostnader knytt til vurderinga av kven som evt. må søkja om fornying av løyve, og nye rutinar knytt til kontinuerleg vandelsvurdering.

Kjøp frå grossist:

I praksis har det synt seg at grossistsal til einskildhøve skjer til tross for at alkohollova ikkje opnar for det. Det har ikkje vore noko godt fungerande system som har gjort det mogeleg for bryggjeria å sjekka kva type løyve kjøparen har. Difor vil forslaget truleg ikkje ha noko større praktisk betyding.

Ei problemstilling kan vera om det vert høve for å kjøpa alkoholhaldig drikk til einskildløyve via grossist, kan føra til ein auke av skjenkesøknadar, særleg frå ungdomslag og organisasjonar. Dette er det vanskeleg å svara på før ein har sett kva for konsekvens endringane i reglane faktisk fører til. I alle høve skal søknader om einskildløyve handsamast for kvar gong, og kommunen vil ha mogelegheit til å setja avgrensingar og vilkår om det vert behov for det.

Oppsummering:

Ny løyveperiode.

Ein kan stilla spørsmål ved om kven som vinn mest på ei ny løyveordning. I dei store kommunane vil truleg både næring og kommune ha ein gevinst. I Jondal kommune vil både alternativ 1 og 2 føra til nye rutinar i høve vandelsvurdering. Det er i utgangspunktet positivt særleg for næringa i Jondal med klårgjering av regelverket, men om dette skal gjennomførast vil det vera viktig å sikra at gjennomgangen av alkoholpolitikken vert eit prioritert område etter at eit nytt kommunestyre er valt.

Frå eit folkehelse- og rusførebyggjande perspektiv vil ei ny løyveordning kunna ha ein negativ helseeffekt. Dette vil truleg koma an på korleis administrasjonen og dei folkevalde vel å prioritera arbeidet med rusmiddelpolitisk plan, medrekna sin alkoholpolitikk.

Om kommunestyret vel å støtta departementet sitt forslag til endring i løyveordninga, meiner rådmannen at alternativ 1 (unntaksavgjersla) er det mest føremålstenelege. Dette krev ei meir bevisst haldning til kva val ein gjer i høve kven som slepp å søkja om fornying enn alternativ 2. Dessutan er alternativ 2, som departementet skriv i høyringsnotatet, ei større og meir grunnleggjande endring i alkohollova sitt system og oppbygging når det gjeld kommunale løyve.

Grossistordninga.

Rådmannen meiner forslaget er uproblematisk, og vil kanskje leia til at regelverk og praksis vert samstemde.

Rådmannen ser på bakgrunn av saksutgreiinga for seg 3 alternativ:

Høyrings svar alternativ 1

- *Jondal kommune støttar alternativ 1 i forslaget til endring i alkohollova §1-6, varigheita på løyveperioden.*
- *Jondal kommune meiner ny frist for fornying må vera innan utgangen av november året etter eit kommuneval.*
- *Jondal kommune støttar departementet si vurdering om at gebyrsatsane ikkje skal endrast.*
- *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1-4c, engrossalg.*

Høyrings svar alternativ 2

- *Jondal kommune støttar alternativ 2 i forslaget til endring i alkohollova §1-6, varigheita på løyveperioden.*
- *Jondal kommune meiner ny frist for fornying må vera innan utgangen av november året etter eit kommuneval.*
- *Jondal kommune støttar departementet si vurdering om at gebyrsatsane ikkje skal endrast.*
- *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1-4c, engrossalg.*

Høyrings svar alternativ 3

- *Jondal kommune støttar ingen av alternativa til endring i alkohollova §1-6, varigheita på løyveperioden, og vil behalda løyveordninga slik den er i dag.*
- *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1-4c, engrossalg.*

Rådmannen går i si tilråding inn for alternativ 1.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

Høyringsvar alternativ 1

- *Jondal kommune støttar alternativ 1 i forslaget til endring i alkohollova §1-6, varigheita på løyveperioden.*
- *Jondal kommune meiner ny frist for fornying må vera innan utgangen av november året etter eit kommuneval.*
- *Jondal kommune støttar departementet si vurdering om at gebyrsatsane ikkje skal endrast.*
- *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1-4c, engrossalg.*

Siv Helle Prestegard – rådmann

20.04.2015 Hovudutval for Oppvekst og Levekår

Framlegg frå Svein Johan Bakke, Krf:

Høyringsvar alternativ 3

- *Jondal kommune støttar ingen av alternativa til endring i alkohollova §1-6, varigheita på løyveperioden, og vil behalda løyveordninga slik den er i dag.*
- *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1-4c, engrossalg.*

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 4 røyster, framlegget frå Svein Johan Bakke fekk 1 røyst og fall.

HOL-015/15 TILRÅDING:

- *Jondal kommune støttar alternativ 1 i forslaget til endring i alkohollova §1-6, varigheita på løyveperioden.*
- *Jondal kommune meiner ny frist for fornying må vera innan utgangen av november året etter eit kommuneval.*
- *Jondal kommune støttar departementet si vurdering om at gebyrsatsane ikkje skal endrast.*
- *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1-4c, engrossalg.*

28.04.2015 Kommunestyret

Framlegg frå Svein Johan Bakke, Krf:

Høyringsvar alternativ 3

- Jondal kommune støttar ingen av alternativa til endring i alkohollova §1–6, varigheita på løyveperioden, og vil behalda løyveordninga slik den er i dag.
- Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1–4c, engrossalg.

Røysting:

Tilrådinga frå hovudutval for oppvekst og levekår vart vedteke med 15 røyster (9Sp, 4Ap, 2H) framlegget frå Svein Johan Bakke fekk 2 røyster (2Krf) og fall.

KS-020/15 VEDTAK:

- *Jondal kommune støttar alternativ 1 i forslaget til endring i alkohollova §1–6, varigheita på løyveperioden.*
 - *Jondal kommune meiner ny frist for fornying må vera innan utgangen av november året etter eit kommuneval.*
 - *Jondal kommune støttar departementet si vurdering om at gebyrsatsane ikkje skal endrast.*
 - *Jondal kommune støttar forslag til endring i alkohollova §1–4c, engrossalg.*
-